

# Årsmøte - Innkalling

Fredag 10. februar 2017 klokka 18:00 i Åheimsbuda

Når årsmøtet startar skal det velgast møteiar, referent og to til å skrive under møteprotokollen.

## SAKER

1. Årsmelding
2. Rekneskap
3. Fastsetjing av
  - a. Årlig medlemskontingent
  - b. Størrelse på andelar
  - c. Frikjøp dugnad
  - d. Prisar ved slipping
  - e. Strøavgift
4. Budsjett
5. Val
  - a. Leiar
  - b. Styremedlemmar
  - c. Varamedlem til styret
  - d. Revisorar
  - e. Valnemnd
6. Saker frå medlemane
  - a. Røystegjeving på årsmøta (sjå vedlegg lenger nede)
7. Saker frå styret
  - a. Prisar for slipping for slippmannskap (sjå vedlegg lenger nede)
  - b. Storleik av båtar (sjå vedlegg lenger nede)
  - c. Arvereglar (sjå vedlegg lenger nede)
8. Sak frå forrige årsmøtet
  - a. Bygging av klubbhus  
Årsmøtet 2016 påla styret å utrede plan for bygging av klubbhus i hamna (sjå vedlegg lenger nede).

## Servering

Enkel servering etter møtet. Laget betaler.

Vel møtt!

---

Vedlegg til årsmøteinnkallinga nedanfor!

---

# Vedlegg til årsmøteinnkallinga for 2017

## INNHALD

Årsmelding 2016 .....	Side 2
Saker frå medlemmane .....	Side 3
Saker frå styret .....	Side 4
Sak frå forrige årsmøte .....	Side 4
Teikning av klubbhus.....	Side 6

## Årsmelding 2016

### TILLITSVERV I PERIODEN

#### Styret

Leiar Inge Bakke  
Nestleiar og hamnesjef Terje Edvardsen  
Kasserar Alvin Honningsvåg  
Styremedlem Arne Hjertenes  
Varamedlem Jan Hammersvik

#### Revisorar

Olav Ervik  
Torleif Løken

#### Valnemd

Magnar Osmundsvåg  
Thomas Bichardt

### AKTIVITETAR

#### Styret

Styret har hatt 8 møter i 2016 og eit i januar 2017.

#### Medlemmane

Laget har 87 medlemmar. 83 medlemmar har betalt årleg medlemskontingent med totalt 124.000 kroner. Dei fire styremedlemmane har vore fritekne for å betale medlemskontingent i samsvar med vedtektene.

## Omsetjing av plassar

Det er omsett 5 plasser. 13 plasser er framleigd.

## Dugnader

17 medlemmar deltok på dugnad i mai.

18 medlemmar har kjøpt seg fri frå dugnad med eit samla beløp på 14.400 kroner.

Dugnader utført av styret med hjelparar:

- Reinhold, grasslått og anna vedlikehald
- Sette opp fire nye straumstolper på bryggene A og B.
- Fekk avhenda gamal landgang som låg på kaia.
- Sette ny vaier på slippvogna pga skade på gammel vaier.
- Vi selde ei 12 meter lang flytebryggje som låg på kaia.

## Straum

18 medlemmar har betalt for straum med eit beløp på til saman 12.600 kroner.

Selje 17. januar 2017

Inge Bakke  
Leiar  
(sign.)

Terje Edvardsen  
Nestleiar, hamnesjef  
(sign.)

Alvin Honningsvåg  
Kasserar  
(sign.)

Arne Hjertenes  
Styremedlem  
(sign.)

## SAKER FRÅ MEDLEMANE

### Røystegjeving på årsmøta

Framlegg frå Ole Oddan: «Jeg ser at det finnes ingen regler for stemming eller bruk av fullmektig på årsmøtet. Foreslår nytt punkt 7 i vedtekentes paragraf 7 (ref §36 samvirkelova):

#### Stemmeregler for årsmøtet

Hvert medlem har en stemme på årsmøtet, med mindre noe annet her er bestemt.

#### Fullmektig

Hvert medlem kan møte ved fullmektig på årsmøtet, men ingen kan være fullmektig for mer enn et medlem. Fullmektigen må legge frem skriftlig og datert fullmakt. En beslutning av årsmøtet krever at flertallet av de som deltar i behandlingen av en sak, har stemt for. Ved stemmelikhet gjelder det som møtelederen har stemt for. Blanke stemmer skal anses som ikke avgitt. Det stilles ingen krav til hvor mange av de stemmeberettigede som må være tilstede for at årsmøtet skal være beslutningsdyktig.

VEDTAK: Styret stør framlegget frå Ole Oddan. Skal leggjast fram på neste ordinære årsmøte.

## SAKER FRÅ STYRET

### Prisar for slipping

Styret meiner det er rimeleg at slippmannskapet blir kompensert med rett til gratis slipping. Styret meiner at dei som leiger plassar i hamna skal ha rett til å slippe til medlemspris. Begge desse punkta bør vedtektsfestast.

VEDTAK Framlegg til vedtektsendring i årsmøtet:

§11 Framleige av båtplassar får eit nytt punkt 3: Leigar har rett til å nytte slippet til medlemspris.

§5 Styret får eit nytt punkt 4 under «Styremedlem»: 4. Styremedlemmet kan knyte til seg eit slippmannskap på maksimalt 4 medlemmar i tillegg til seg sjølve. Slippmannskapet kan utan kostnad nytte slippet til eigen båt ein gang per år.

### Storleik av båtar

#### Årsmøtet 28. februar 2014 vedtok følgjende:

Vurdere maksimalvekt og maksimal lengde på båtar i hamna. Her blei det ein del drøfting kring temaet, men styret sitt framlegg på 12 m maks lengde og maksvekt på 10 t vart godkjent.

Den gang ble ikkje dette nedfelt i vedtektene. Styret foreslår derfor følgjande vedtektsendring:

Paragraf 10, punkt 9 får følgjande tillegg: «Ingen båtar i hamna skal ha storleik over 10 tonn eller 12 meter.» Vedtektsendringa får ikkje tilbakeverkande kraft. Det vil seie at den ikkje gjeld dei som alt har båtar i hamna.

### Arvereglar (vedtektene, paragraf 10 punkt 11)

Paragraf 10 punkt 11 lyder nå: «Båtplass kan berre arvas i direkte linje opp eller nedover i arverekkefølgjen i samsvar med avsnitt 3 i denne paragrafen.»

VEDTAK: Styre ber årsmøtet endre paragrafen til dette: «Båtplass kan berre arvas i direkte linje opp eller nedover i arverekkefølgjen.»

## SAKER FRÅ ÅRSMØTET 2016

### Klubbhus

Prisar per desember 2016. Basert på teikningar frå Bygger'n Selje datert 04.11.2016. Avrunda summer inklusiv meirverdiavgift. Alt arbeid unntatt elektro og VVS må gjerast på dugnad.

- Bygger'n Selje, materiell over grunnmur ..... 445 000,00
- Stadlandet VVS AS ..... 83 000,00
- Eid Elektro, brannvarsling inkludert ..... 113 000,00
- Roe Myklebust, betong 8 kbm, anslag ..... 15 000,00
- **SUM..... 656 000,00**

Vedtak i styremøte 17. januar 2017:

Styret meiner at eit klubbhus i hamna vil ha stor betydning for det sosiale miljøet i laget. I tillegg vil det ha praktisk nytte i samband med oppbevaring av reiskap, dugnad og vakthald.

Under føresetnad av at årleg medlemskontingent vert oppretthalden på noverande nivå vil det vere økonomisk forsvarleg å finansiere bygget 100% med lån med 15 års nedbetalingstid. Noverande lånebyrde er på 220 000 kroner. Total lånebyrde gir dermed ca. 80 000 kroner per år i renter og avdrag. Kassebeholdning er ca. 60 000 kroner.

Grunn- og byggearbeid må gjerast på dugnad. Manglande deltaking på dugnad i løpet av året vil koste det samme som hittil. Hamna forøvrig har ikkje store investeringar i vente dei komande åra. Styret tilrår derfor å starte bygging umiddelbart.

Sjå teikningar på neste side nedanfor.

